

Mela og Marsjøen – er det ein samanheng mellom elvenamnet og sjønamnet?

Høg-Gia er målet i ein ti-på-topp-tur. Vi kjører bilvegen oppover Einunndalen og ser på Einunna som renn i store svingar nedover Meløymyrane. Dette våtlandskapet er no vorte naturreservat. Vi ser den store fine setra til Storsteigen Landbruksskule – Meløya – med store oppdyrka beitemarker. Elva Mela kjem frå Marsjøen.

Det er 125 meters fall på 3 kilometer frå Mela renn saman med Einunna like sør for Meløya. Elva har grave i den lette sandjorda så det er sandmelar på sidene. Ordet mel (uttala er mæL med tjukk L og tydeleg æ-lyd) er velkjend i Nordøsterdalsbygdene og i Sør-Trøndelag. I Nynorskordboka er ordforklaringa: “mel m l (norrøn melr; samanheng med å male) sandbakke langs ei elv eller vatn.” I vest for Mela, mellom Meløya og Marsjøen, ligg Melkampen. Vest for Marsjøen er Marsjøtangen 1214 m.o.h. Lenger nord er Marsjøberget.

Vesl-Marsjøen ligg ei dryg mil lengere aust-søraust. Marsjøåa renn frå Vesl-Marsjøen og ut i Einunna eit par kilometer sør for setergrenda Marsjølia.

Kva tyder desse namna?

Er det ein samanheng mellom dei?

La oss sjå på elvenamnet først. Når ein reiser oppover langs Mæla, (MæLa æ-

lyd, tjukk L og tostavings tonelag), ser ein sandmelar, utrasningar ved elveløpet. Grunntydinga av mel er noko som er male (knust) til smått. Verbet mala, f.eks. mala korn, tyder rett og slett knuse kornet. Elvenamnet Mela (utt. MæLa) kan da tyde elva som har knust til sand i og rundt elveløpet.

Eller elvenamnet Mela kan tyde elva som renn forbi melar (MæLer).

Står elvenamnet Mela i samanheng med sjønamnet Marsjøen?

Dialektuttala “Massjøen” viser ikkje om grunnlaget for namnet er Marsjøen eller MaLsjøen (tjukk L). Når elva heiter Mela (Mæla), skulle ein vente Malsjøen. Gammalnorsk molr tyder banke av småstein (særleg ved ei strand). Den ikkjeomlydde forma mal finst i austnorske og svenske dialektar. I sørenden av Malsjøen kan ein godt forestille seg ei rullesteinsstrand, særleg når bølgeslaget står på. Malsjøen er rullestrandsjøen.

(Den svenske namneforskarer Hellquist har tolka sjønamnet Mælaren i same retning).

Dersom ein trur på denne forklaringa, burde ein vel skrive MALSJØ-EN. Kanskje ein burde skrive elvenamnet MELA æ med for lettare få til rett uttale med tjukk L?

Dei andre namna er sekundærnamn laga til elva eller sjøen. Mæløya er øya ved Mæla, og øy har den gamle tydinga eng ved elv eller vatn. Melkampen er fjellklumpen ved Mæla. Malsjøberget er berget ved Malsjøen. Malsjøtangen – tangen ved Malsjøen. Malsjøfjellet – fjellet midtveges mellom Malsjøen og Vesl-Malsjøen.

Vesl-Malsjøen, som ligg over ei mil unna, har vel fått namnet i samanlikning med den større Malsjøen. Malsjøåa er åå som renn ut frå Vesl-Malsjøen og renn ut i Einunna ein par kilometer sør for setergrenda Malsjølia. Malsjølia er vel kanskje opprinneleg Malsjøålia som blir forkorta til Malsjølia.

Vi kom i finveret til toppen på Høg-Gia og skreiv oss inn i boka for “Ti-på-topp”. Vi var storleg forundra over at eit fjell som heiter Høg-Gia kunne ha ei stor flate på toppen. Ikkje kan vi finne noka rimeleg forklaring på namnet heller.

Da er det lettare med Einunna som i målføret blir uttala ængnuinna. ængne står i målføret her for eine, altså trenamnet eine(r), og unna er av Rygh tolka som bære etter eit elvenamn i Snorre-Edda.

Litteratur:

- Kjell Vens: Norske innsjønamn III Hedmark fylke*
- Alf Torp: Nynorsk etymologisk ordbok*

Trygve Nesset
 Cand. philol.
 tidlegare lektor ved N.Ø. vg skole
 2500 Tynset



Meløya seter under Storsteigen Landbrukskole i Alvdal. (Foto: Ola Nyeggen).

